

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 12.02.2015

Vår ref.: 201400672-25

Arkiv: 312/042.Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Frank Jørgensen

Tlf 22 95 94 31

Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommune, Hordaland fylke

NVE har motteke søknad frå SKL Produksjon AS om å få byggje Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad kommune. Søknaden blir sendt på høyring til alle som saka vedkjem. Høyringsfrist er 20. mai 2015. NVE vil halde eit ope møte i løpet av høyringsperioden. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender fråsegn.

Søknaden inneheld konsekvensutgreiing (KU) og fagrapportar.

Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Eit eksemplar av brosjyren som er utarbeidd for prosjektet ligg ved. Søknaden og alle fagrapportane er tilgjengelege på internettsida til NVE: www.nve.no/Vannkraft. Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av meldinga kan dei kontakte Kenneth Teigenes på e-post kenneth.teigenes@skl.no eller tlf. 53 49 60 00.

Vi viser elles til vedlagd informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva vi ønskjer tilbakemelding på. Vi ber Fylkesmannen gjere ei konkret vurdering av om tiltaket treng konsesjon etter forureiningslova for driftsfasen.

Vi ber Kvinnherad og Etne kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden med fagrapportar ut til offentleg gjennomsyn på Kvinnherad og Etne kommune fram til 20. mai 2015. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

I løpet av høyringsperioden vil NVE halde eit ope møte om prosjektet. Tid og stad for møtet vil NVE kunngjere seinare. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga av søknaden, og tiltakshavar vil orientere om konsekvensane av ei eventuell utbygging.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Fråsegner skal sendast, gjerne via internett www.nve.no/Vannkraft , nve@nve.no eller i brev til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast **20.5.2015**.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegner er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Frank Jørgensen
seniorrådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Brosjyre, kopi av kunngjering, info.ark om sakshandsaminga

Mottakerliste:

Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

Etne kommune

Friluftslivets Fellesorganisasjon

Fylkesmannen i Hordaland

Hordaland fylkeskommune

Kvinnherad kommune

Mattilsynet, Distriktskontoret Bergen og Omland

Miljødirektoratet

Naturvernforbundet i Hordaland

NJFF – Hordaland

Norges geologiske undersøkelser - Biblioteket

Norges Geotekniske Institutt - Biblioteket

Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold

SKL Produksjon AS

Statens Vegvesen Region Vest

Statnett SF

Klima- og miljødepartementet

Olje- og energidepartementet

